



Referat frå elevrådet 05.05.2022

Alle elevrådsrepresentantane møtte, bortsett frå 7. årssteg som var på ekskursjon i Bergen.

Saksliste:

- Kåre vinnarteikning til 17. mai (oppdrag frå 17. mai-komiteen)
- Evaluere utereglar som blei laga tidlegare i år av elevrådet
- Ynskje om skulemaskot

Referat:

Elevane byrja med å sjå gjennom alle teikningane årssteg for årssteg. Dei plukka ut den beste teikninga frå kvart årssteg før dei kåra ein endeleg vinnar av dei 7 finalistane. Det var ei vanskeleg oppgåve, då det var kome inn svært mange flotte teikningar. Alle teikningane er no gitt til 17. mai-komiteen og skal pynte skulen vår på 17. mai. Vinnaren si teikning blir forside på programbladet.

Utereplane som elevrådet laga tidlegare i vår, fungerer framleis fint. Elevane meiner at det er mindre krangling ute enn det var før.

Elevane ynskjer at skulen vår får ein eigen maskot. Vi diskuterte litt kva type maskot som kunne passe, men blei einige om at elevrådsrepresentantane diskuterer med årsstega sine og kjem med forslag til neste, og siste, møte før sommaren.

Linda Selheim

Rektor og referent